



Velkommen til bowling med fredagsklubben!



Dato: Fredag 3. oktober



Stad: Åsane Bowling & Eventsenter



Tid: 18:00–20:00

Første fredagen i haustferien er me glade for å kunne invitera til bowling med fredagsklubben! Me startar kvelden med å ete pizza i lag frå kl. 18:00–18:15, før me går i gang med bowling og sosialt samvær.



Transport til bowling

Me ønskjer å samkjøre transport så godt me kan. Gje oss ein lyd ved påmelding dersom du treng skyss – eller om du som vaksen/forelder har anledning til å køyre og har plass til fleire i bilen. Oppgi gjerne kor mange ledige plassar du har.

Felles oppmøte ved kyrkjas parkeringsplass kl. 17:20, med avreise kl. 17:30. Dersom me ikkje får nok bilar, kan nokre leiarar ta buss saman med deltakarane. I så fall tar me buss nr. 300 frå Knarvik terminal til Rollandskrysset kl. 17:30, og går derfrå til bowlinghallen.



Me treng vaksne leiarar!

For at bowlingkvelden skal bli trygg og kjekk for alle, treng me nokre vaksne som kan vere med som leiarar. Det viktigaste denne kvelden er å vere til stades, bidra med tryggleik og støtte, og gjerne hjelpe til med transport. Som takk får alle vaksne leiarar servert pizza. Har du anledning til å vere med denne fredagen, så gje oss gjerne ein lyd ved påmelding. Me set stor pris på alle som kan bidra!



Påmelding

Meld deg på ved å sende e-post eller melding til kyrkjelydspedagog Kristin Gilje Vestbøstad:



KV479@kyrkja.no



958 34 174

Frist for påmelding: måndag 29. september

Det er maks 40 plassar denne kvelden, så her gjeld det å vere tidleg ute for å sikre seg ein plass!



Betaling

Vipps kr 130 til **56789 Knarvik sokn / Fredagsklubben** (100 kr for bowling og 30 kr for pizza)

Ta gjerne kontakt dersom dette er utfordrande økonomisk – me finn ei løysing. Me har sjølvlagt taushetsplikt.

Mvh leiargjengen på Fredagsklubben v/kyrkjelydspedagog Kristin Gilje Vestbøstad